

God innsats på Kværner puttefestival

27.08.2016



Då jentene fekk premien, skulle dei dansa på scenen og peika på trenaren

J10-laget i fotball til Uskedal idrettslag har i dag delteke på Kværner puttefestival på Stord. Denne festivalen vert i år arrangert for 27. året på rad. I dag var det kampar for spelarar, både gutter og jenter, fødd i 2005 - 07, medan det i morgen, søndag, er for dei som er fødd 2008 -10. Uskedelingane var svært fornøgde etter deltakinga.

Trenaren til Uskedalslaget Hege Lekva fortel at alle laga spela 4 kampar, og at det var 5'ar-kampar. Ho seier at jentene gjorde ein kjempeflott innsats, og dei gav aldri opp. Det resulterte i 1 siger og 3 tap. Alle deltakarane på puttefestivalen fekk premie.

På Kværner puttefestival som vert arrangert av Stord fotball, er det i tillegg til kampane også ein del andre aktivitetar som minitog, hoppeslott og grilling mm. Hege Lekva seier at det var ein velorganisert og kjekk cup, og det fristar absolutt til gjentaking neste år.

Dei 7 flinke spelarane på laget syntes også det var ein kjempekjekk dag. Jentene er Deimante, Karoline, Mathilda, Malena, Ingrid, Sigri og Linnea.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hege Lekva